



HJELMELAND
KOMMUNE

Bondeposten

1/2023 – 29. årgang



Innhald

Produksjonstilskot 2022	3
Produksjonstilskot 2023	3
Nye brukarar.....	3
Gjødselplan og gjødselspreiing.....	3
Tilskot til gjødsellager.....	4
IBU-midlar.....	4
SMIL-midlar	4
Kommunale støtteordningar	5
Tilskot til næringsføremål:.....	5
Tilskot til grøn omstilling:	5
Investeringsmidlar i landbruket for 2023 – IBU-midlar.....	5
RMP	5
Tilskot til investeringar i beitelag	7
Strømstøtteordninga til jordbruket blir vidareført	7
Sprøytejournal - Plantevernjournal.....	7
Kantsone langs vassdrag	7
Jakt – nye vald – søknadsfrist.....	8
Vinterlandbruksskulen	8
Kommunedelplan byggeråstoff og deponi.....	8
Ny bygdebok for Årdal.....	8
Kurs og møte	8
Bondekvelds/pizzakveld 1. mars kl. 19.30 på Spinneriet på Hjelmeland.....	9
Fagdag – skog, Spinneriet Hjelmeland 4. mars kl. 10.00-16.00	9
Eigarskiftekveld i landbruket 8. mars kl. 19.00 på Hjelmeland samfunnshus.....	9
Dag Jørund Lønning – Foredrag 8. mars på Spinneriet	9
Nybegynnarkurs i birøkt på Jørpeland, oppstart 13. mars.....	9
Landbruksmøte 14. mars kl. 19.00 på Hjelmeland Samfunnshus	9
Landbrukskonferansen 2023, 20. mars kl. 8.30-15.30 IMI Forum, Stavanger	10
Fagdag om juletre 25. mars på Hjelmeland	10

Produksjonstilskot 2022

Det var utbetaling av tilskotet for 2022 den 15. februar. Klagefristen er 3 veker! Klagen skal sendast til kommunen.

Produksjonstilskot 2023

Ny søknadsomgang, 2023, har registreringsdato 1. mars, **søknadsfrist 15. mars**, og høve til å korrigere i innsendt søknad innan 29. mars. Det er husdyr ein søker tilskot til nå. Dei fleste husdyr søker ein tilskot til både pr 1. mars og 1. oktober. Men for sau så er det berre tal dyr 1. mars som tel i forhold til husdyrtilskot og avløysartilskot. Beitetilskot skal ein søkje om til hausten for både sau og andre dyr. Arealtilskot søkje ein om til hausten, oktober.

Sau – vanleg jordbruksproduksjon. Kommunen får i samband med søknadane om produksjonstilskot i slutten av året «varselmelding» dersom her er slakta få lam i forhold til tal sauer 1. mars. Grunnen er at for å få produksjonstilskot skal ein drive produksjon, og for eksempel i sauehaldet må ein då produsere kjøt og ull. Tal slakta lam på hausten blir samanlikna med kor mange dyr du fører i søknaden nå pr 1 mars som «sauer født i fjor eller tidlegare».

Dersom det er slik at du ikkje har slakta alle slaktelamma i fjor haust, men har fôra saulam over som du skal slakte nå i vår, så tel dei med i tal «sauer født i fjor eller tidlegare» og i utgangspunktet reknar ein med at tal dyr der er produksjonsdyr. Dersom du har ein del lam i denne kategorien, som du skal slakte nå i vår, hadde det vore fint om du skriv i merknadsfeltet på slutten av søknaden at du har xx stk fjorlam som du skal slakte nå i vår. Så slepp kommunen masa og spør og driva så mykje kontroll på dette til hausten.

Nye brukarar

Her er som regel nokon nye brukarar kvart år. Det er ikkje sikkert at kommunen når alle med dette skrivet pga me ikkje har fanga opp at her er ny brukar, eller at me ikkje har adresser til dei.

Dersom du som tidlegare brukar får dette skrivet, og påminning om søknadsfrist for produksjonstilskot mm, så er et fint om de formidlar dette vidare til ny brukar, eller gir beskjed til kommunen om kven som nå skal ha denne informasjonen 😊

Gjødselplan og gjødselspreiing

Politikarane i AFU, areal og forvaltningsutvalet, spurte hausten 2022 om praksis i forhold til alle søknadar kommunen får inn om utsett frist for spreiiing av husdyrgjødsel. I møte i november orienterte administrasjonen om praksis. Det er store klimatiske forskjellar/sesongforskjellar i kommunen. Om ein har sandjord, leirjord, djup svart mold osv. Det har og betydning for sesong om arealet er flatt eller sørvendt eller om det heller mot nord. Me såg i 2022 at her var ca. 1,5 månad i forskjell for når ein starta gjødselspreiing på våren. Slåttar, beiting mm blir og til ulike tider, og ulik praksis gjer og ulike slåttetidspunkt. Uansett er siste frist for spreiiing av husdyrgjødsel utan nedmolding 1. september jf. forskrift om gjødselvarer mv av organisk opphav.

Kommunen kan gjer vedtak etter søknad, om lengre frist i enkelte tilfelle, til 1. oktober.

Dersom kommunen gir dispensasjon til utsett frist for gjødselspreiing så set me vilkår, seier noko om mengde, kva areal ein kan spreie på, frist for utsetjinga, og det er krav om at tilveksten skal nyttast til dyra. Årsaka til søknad kan vere vêrforhold, beitepraksis og tekniske problem, MEN nokon har og for liten lagerkapasitet. Både agronomisk, økonomisk og miljømessig er det best å nytte mest mogleg av husdyrgjødsel tidleg i vekstsesongen, slik at ein får nytta tilført næring i avling som ein haustar i

inneverande sesong. Til seinare ein spreier gjødsla til større fare er det for at ikkje all næring blir tatt opp i planter, nytta i ei hausta avling og dermed kan koma på avveggar. Avrenning til vassdrag eller areal som ikkje er produksjonsjord.

Uansett er det viktig med oppdatert og reell gjødselplan. Er vassmengdene rette, ope lager, lukka lager, vaskevatn osv. Er innetida for dyra rett, slik at total gjødselmengde som skal spreiest er rett. Spreier du så mykje gjødsel på våren som planen legg opp til eller må du fordele meir utover året. Dersom du spreier gjødsel etter fleire haustingar, må det gå fram av planen. Og ingen år er like, er været eller andre forhold slik at du må justere gjødslinga ein del, så oppdater planen/noter at du planlegg/har gjødsla annleis.

Gjødselplanen skal vere eit hjelpemiddel for deg, ikkje eit dokument som du «må ha» for KLS og for ikkje å få avkorting i produksjonstilskot. Du kan utarbeide gjødselplanen sjølv, men du må fylle krava i forskrift om gjødslingsplanlegging.

Det skal utarbeidast gjødslingsplan før kvar vekstsesong. Føretak som disponerer gjødsel frå meir enn 5 gjødseldyreiningar, GDE, skal ha årleg gjødslingsplan. Har du ei enkel driftsform, liten variasjon i arealbruken eller ekstensiv driftsform mm, kan gjødselplanen vere i inntil 5 år, då må det søkjast om og godkjennast av kommunen.

Tilskot til gjødsellager

IBU-midlar.

Innovasjon Norge kan gi tilskot til investering i gjødsellager. For 2023 aukar prosentandelen ein kan gi i tilskot av total kostnad. Maks tilskot blir nå 40 % av godkjent kostnad.

Gjødsellager blir prioritert i tråd med siste jordbruksavtale, dvs. at det nå blir sett krav om fast dekke på nye gjødsellager for å få støtte.

SMIL-midlar

Tilskot til tak/dekke på eksisterande gjødsellager. Vilkår er at ein har lagerkapasitet til 10 md lagring. Kommunen har for 2023 fått tildelt midlar, meir i år enn ved første tildeling dei siste åra. Har du aktuelle prosjekt så søk.

Her er elektronisk søknadsskjema: <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/tilskudd-til-spesielle-miljotiltak-i-jordbruket-smil?resultId=0.0&searchQuery=spesielle+milj%C3%B8tiltak>

SMIL-ordninga skal motivere bønder til frivillige tiltak for å redusere/hindre ureining, ta vare på biologisk mangfald og kulturlandskap samt redusere utslepp av klimagassar.

Me ønskjer kostnadsoverslag med søknaden. Dersom det gjeld bygg, ønskjer med kostnadsoverslag frå byggfirma, tømmermann som kan restaurering e.l.. Det er og til hjelp for kommunen si behandling om her er uttale frå Fortidsminneforening, Ryfylkemuseet eller andre byggkyndige. Me ønskjer også foto frå status nå og eventuelt korleis det har vore før. Søknadar blir behandla gjennom året. Her er ein siste frist pr år for at me skal kunne gjere vedtak, be om meir pengar osv. Då er det ein fordel om søknaden er inne innan starten av november.

HUSK Å SØKJE FØR DU STARTAR ARBEIDET. Dersom du søker etter at jobben er påbegynt/ferdig er det som regel avslag.

Kommunale støtteordningar

Her er to kommunale støtteordningar som landbruket kan nytta seg av:

Tilskot til næringsføremål:

Bedrifter som ligg i Hjelmeland kommune kan søka om tilskot til næringsføremål. Det kan vera etablering av ny næring eller til investeringstiltak. Dersom du søker om tilskot for byggetiltak eller andre tiltak som krev offentlege løyve, må det vera gitt løyve før du kan få tilskot.

Budsjettramma er kr 1 200 000 pr. år. Minimum kr 200 000 av desse kr 1 200 000 skal nyttast til investeringar i landbruket. Dette inkluderer også tilskot til nydyrking.

Ang tilskot til nydyrking kan ein framleis maksimalt få tilskot til 20 da pr år, kr 2000,- pr da. Det MÅ søkjast om tilskot før dyrkingsarbeidet blir gjort.

Det må føreligge eit løyve til dyrking før me kan løyve tilskot til dyrking. Søknadane kan gå parallelt, men treng ikkje.

Tilskot til grøn omstilling:

Føremålet med ordninga er å stimulera til tiltak som gir reduserte klimautslepp og hindrar forureining. Ordninga skal også stimulera til næringsutvikling og innovasjon.

Begge ordningane har to årlege søknadsrundar, frist 15.april og 15. oktober.

De finn elektroniske søknadsskjema på heimesida til kommunen

Investeringsmidlar i landbruket for 2023 – IBU-midlar

30 prosent auke i IBU-potten for 2023

I jordbruksoppgjæret for 2022 blei det avtalt om lag 30 prosent auke i investeringsmidlane i jordbruket, og det er også avtalt auke til kva som kan løyvast i eit prosjekt – inntil 35 prosent av kostnadsoverslag. For Rogalandsbøndene betyr dette ein auke frå 75 millionar kroner til ca. 90 millionar kroner. Det er ei klar prioritering mot små og mellomstore mjølkebruk, for å følgje opp lausdriftskravet, og dette er difor vektlagt i prioriteringa også for 2023.

Stor etterspurnad etter IBU-midlar også i 2022

Om lag 70 prosent av IBU-potten for 2022 gjekk til 37 mjølkeprosjekt. Det er elles løyvd midlar til 35 gjødsellager, noko som er viktig både ut frå omsyn til økonomi, agronomi og miljø.

Prioritering av investeringsmidlar i 2023

Det var semje i partnerskapet om å følgje hovudtrekka i oppdragbrevet for 2022, men med ekstra fokus på mjølkefjøs for inn til 30 kyr med basis i eiga kvote og eige grovfôrgrunnlag. Det blir opna opp for noko meir midlar til andre dyreslag, då med særleg fokus på dyrevelferd og generasjonsskifte. Det vil elles bli prioritert noko auke i midlar til grønt- og tilleggsnæringar. Elles er det som før fokus på dei som hentar hovudinntekta på garden, og på miljø og klima.

RMP

Utbetaling av RMP 2022 er 10 mars 2023.

Klagefrist er 3 veker frå du blir gjort kjent med utbetalinga. Utbetalingsbrevet kjem som regel før utbetalinga, då tel 3 vekers fristen frå du mottek brevet, og ikkje dagen pengane blir utbetalt. I år kom utbetalingsbrevet 1. mars.

Regionalt miljøprogram gir føringar for regionalt miljøtilskot i jordbruket. Ny programperiode er 2023–2026, og Statsforvaltaren i Rogaland har lagt utkast til nytt miljøprogram for Rogaland med tilhøyrande forskrift ut til høyring. Høyringsfristen er 1. mars. I tillegg til å vidareføre dagens tilskotsordningar, er det foreslått å innføre tilskot til brenning av kystlynghei og tilskot til bruk av biokol på jordbruksareal. Det gjeld spreieing i open åker og biokolet skal moldast ned etter spreieing. Det er og foreslått å innføre tak for maksimal mengde husdyrgjødsel per spreieing ved tilskot til nedlegging og nedfelling av husdyrgjødsel.

I tillegg ser me at ordning med nedfelling av husdyrgjødsel og nedlegging av husdyrgjødsel står i to paragrafar, til no har det vore ein felles paragraf. Det ser ut til å vere same vilkår i begge ordningar, om her og vil bli same tilskotsatts kjenner me ikkje til.

Det er nytt at programmet og tek med nasjonale føringar for tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) og regionale midlar til klima- og miljøtiltak, KMP. Dette er gjort for å visa samanheng mellom dei ulike verkemidla. I praksis vil her ikkje bli nokon endring i høve til fordeling av midlar til kommunane og prioritering og saksbehandling i kommunane i forhold til no opplyser Statsforvaltaren.

Nytt i forskrifta at søknadar om regionalt miljøtilskot, RMP, som er levert innan søknadsfristen 15. oktober, kan endrast av søkjar fram til 29. oktober, utan at tilskotet blir avkorta. (Då innfører ein same praksis/regelverk som for produksjonstilskot.)

Kort om regionalt miljøprogram:

Kva er dei største miljøutfordringane i jordbruket i Rogaland? Og kva miljøtiltak kan jordbruksføretaka i fylket få økonomisk støtte til? Regionalt miljøprogram skal vera med å gi svar på dei spørsmåla. Dei ulike miljøutfordringane varierer frå fylke til fylke. Regionalt miljøprogram blei innført i 2005 for å styrke innsatsen i jordbruket på miljø, og har sidan vore eit verkemiddel finansiert over jordbruksavtalen. Statsforvaltaren har ansvar for å utarbeide fireårige program, for å forvalte regionalt miljøtilskot i jordbruket og for å tildele kommunane midlar til Spesielle miljøtiltak i jordbruket, SMIL. Landbruksdirektoratet kom i 2022 med sin instruks for regionale miljøtilskot 2023–2026. Instruksen gir oversikt dei regionale miljøtilskota som Rogaland kan velje å ta i bruk.

I Rogaland involverer arbeidet Rogaland bondelag, Rogaland bonde- og småbrukarlag, Rogaland fylkeskommune, kommunal landbruksforvaltning og Norsk landbruksrådgiving Rogaland.

Til eksisterande ordningar er det nokon stader foreslått litt endringar/presiseringar, bla: Tilskot til organisert beitelag, OBB, her er det ei presisering om kva som minimum skal følgje med søknaden. (Dato for årsmøte, sum midlar på konto pr 1.11 i søknadsåret, og kort om aktiviteten i laget.)

Tilskot til vipestripe - dei som vil søkje om midlar til etablering av vipestripe må gi **beskjed innan 1. mars** til kommunen eller Statsforvaltaren. (Tidlegare måtte ein gi melding hausten før.)

Tilskot til nedlegging av husdyrgjødsel, og nedfelling av husdyrgjødsel, maksimalt spreieing av 6 tonn pr da (inkl. vatn) pr spreieing.

Tilskot til investeringar i beitelag

Statsforvaltaren har sendt ut melding til alle beitelaga om ordninga. Formålet med tilskotet er å legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusera tap av dyr på utmarksbeite og fremja fellestiltak i beiteområde. Søknadsfrist 15. mars.



Strømstøtteordninga til jordbruket blir vidareført

Regjeringa har bestemt at strømstøtteordningane for jordbruksføretak, veksthus og vatningslag skal vidareførast ut 2024. Vidareføringa sikrar forutsigbare rammevilkår for næringen. Vidareføringa inneber at dagens øvre forbruksgrense på 60 000 kWt per måned for jordbruksforetak blir oppretthalden, og sikrar at primærprodusentar i jordbruket får ein kompensasjon som dekker 80 prosent av strømkostnadane over 70 øre per kWt opp til forbrukstaket. Landbruks- og matdepartementet vil koma tilbake til detaljane i ordninga.

Sprøytejournal - Plantevernjournal

Ved bruk av plantevernmidlar som krev autorisasjon, skal ein følgje prinsippa for integrert plantevern. Det skal førast journal der det står kva vurderingar som er gjort før bruk av plantevernmidlar, eventuelle prinsipp som er anvendt og grunngjeving for vala som er tatt. Det er 3 ulike bestemningar i plantevernmiddelforskrifta med krav til journalføring. Det er krav til å føre sprøytejournal, krav til journal for å beskytta vassmiljø, og krav til journal for integrert plantevern. Desse 3 journalane til saman kallast plantevernjournal.

Sprøytejournal – her har NLR laga mal som kan nyttast. Sprøytejournalen skal innehalde opplysningar om: namn på plantevernmiddelet, tidspunkt for behandling, dose, område som er behandla, kva vekst som er behandla. Desse opplysningane må oppbevarast i minst 3 år. Det er den som sprøyte som skal føre journal. Dersom du leiger nokon til å sprøyte, er det entreprenøren som skal føre journalen, men journalen bør oppbevarast på garden der det er sprøyta. I forskrift om produksjonstilskot er det krav til at føretaket skal ha journalen tilgjengeleg. Dersom du sprøyter sjølv må du sjølv føre sprøytejournalen, og leiger du andre til å sprøyte må dei føre sprøytejournalen og du må få ein kopi av denne og ha tilgjengeleg hjå deg. Det er altså krav både i høve produksjonstilskot, RMP og KSL.

Journal for beskyttelse av vassdrag – her skal du beskrive buffersoner til overflatevatn og avstand til eventuelle drikkevasskjelder, og eventuelle tiltak for å avgrense skade.

Journal for integrert plantevern – skriv kvifor du har valt dette preparatet framfor andre, kvifor har du valt preparat framfor ikkje-kjemisk metode, kva overvaking har du gjort av skadegjerarar før sprøyting, tiltak for å hindre resistens mm.

Kantsone langs vassdrag

I følgje vassressurslova § 11 kantvegetasjon, SKAL det oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for planter og dyr.

I følgje forskrift om fysiske tiltak i vassdrag er det forbod mot å gjere tiltak i vassdrag utan løyve. Det gjeld bla fysiske tiltak som medføre eller kan medføra fare for forringing av produksjonsmoglegheiter for fisk eller andre ferskvannsorganismar.

Ein skal difor ikkje snauhogge kantsona langs vassdrag. Ein kan drive skjøtsel, ta ut store tre og «rydde» i kratt mm, men dersom her er skog skal ein la ein del tre stå att. Trea gir skugge til vatnet,

det er viktig både i høve temperatur og groing på botn i vassdraget. Lauvfall mm frå trea gir og næring til fisk og anna som lever i vassdraget.

Brot på vassdragsregelverket kan føra til bøter, og eventuelt avkorting i produksjonstilskotet.

Jakt – nye vald – søknadsfrist

Fristen for å søkje om oppretting av jaktvald for elg, hjort eller rådyr er 1. mai. Same frist gjeld for endring av eksisterande vald.

For meir informasjon og lenke til søknadsskjema sjekk hJORTEVILT.NO.

Dersom de ønskjer å melda valdet inn i eit bestandsplanområde er fristen for endring av bestandsplanområde 1. mai. Det betyr at de må gi melding til bestandsplanområdet i god tid før 1. mai, slik at leiinga i bestandsplanområdet får tid til å sende søknad til kommunen.



Vinterlandbruksskulen

Vinterlandbruksskulen kjem til Forsand skuleåret 2023/2024 og til Tau skuleåret 2024/2025.

Søknadsfrist 1. mars. <https://vlr.no/>

Kommunedelplan byggeråstoff og deponi

Kommunestyret har vedteke å utarbeida ein plan for byggeråstoff og deponi. Det er eit stort arbeid, og i februar vedtok kommunestyret å leggja ut forslag til planprogram til høyring. Planprogrammet skildrar korleis ein har tenkt å gå fram for å få ein slik plan på plass. Høyringa skjer gjennom kunngjering i aviser og på nett, ingen privatpersonar vert direkte tilskrivne. Det kan også bli aktuelt med eigne infomøte rundt om i kommunen. Følg med på meir info i lokalavisa og på kommunen sine nettsider/Facebook. Når planprogrammet er endeleg fastsett, vil kommunen jobba vidare med sjølve planforslaget. Når det er klart, vil det også bli eiga høringsrunde.

Ny bygdebok for Årdal

Kommunen har vedtatt at her skal skrivast ny bygdebok for Årdal. Den boka ein har nå vart skriven på 1960-talet. Det skal skrivast ny både gards- og ættesoge. Årdal i denne samanheng er den gamle kommunen, dvs. at både Fjellgardane, og Nessa er med i Årdal.

I samanheng med ny bygdebok er det levert ut svarskjema i alle postkassar i Årdal. Her er eit skjema som gjeld personane/innbyggjarane og så er her enten eit skjema som gjeld bustaden eller garden ein bur på. Har du ikkje fått skjema, så ta kontakt så får du skjema. Har du fått skjema, men ikkje sendt inn, så set me pris på at du gjer det så snart som råd.

Her er bla ein del som ikkje har levert inn skjema for garden har me fått beskjed om frå bygdebokforfattaren og sekretæren for bygdeboknemnda. Ønskjer du hjelp til utfylling av skjema kan du ta kontakt med forfattar Merete Sønsterud, tlf. 95857161, eller sekretæren for bygdeboknemnda Magnar Riveland, tlf. 40439153. Forfattaren er å treffe på kontor på Meieribygget etter avtale. Det er oppretta ei eiga Facebookside for ny bygdebok:

<https://www.facebook.com/profile.php?id=100090133786764>

Kurs og møte

Bondekvelds/pizzakveld 1. mars kl. 19.30 på Spinneriet på Hjelmeland

Hjelmeland kommune og Hjelmeland Bondelag arrangerer bondekvelds saman 1. mars kl. 19.30 på Spinneriet på Hjelmeland. Fagkonsulent landbruk, Anne Kari Skogerbø, fortel bla om SMIL-midlar i landbruket og anna aktuelt frå kommunal forvaltning. Treffet ope for alle. Velkomen!

Fagdag – skog, Spinneriet Hjelmeland 4. mars kl. 10.00-16.00

Skogselskapet startar i år prosjektet «aktive skogeigarar». Prosjektet tek sikte på å hjelpe skogeigarar i Rogaland til å forvalta skogressursane sine på beste vis. Prosjektet vil gå over 3 år med ei rekke element, slik som fagdagar over heile fylket, webinar og mykje meir.

Første arrangement er fagdag i Ryfylke. Deltaking er gratis, men pga servering er det påmelding.

Stad: Spinneriet, Burmavegen 11, Hjelmeland. Laurdag 4. mars kl. 10.00 – 16.00.

Først inn på Spinneriet om inntektsmoglegheiter i eldre skog, for tidleg hogst, skogfond, lunsj spandert av Skogselskapet, ettermiddag ute i skogen der ein ser på bestand i ulike stadium frå nyplanta til hogstmoden skog. Fagansvarleg Per Helle, instruktør i Skogkurs.

Påmeldingsfrist 1. mars til rogaland@skogselskapet.no

Eigarskiftekveld i landbruket 8. mars kl. 19.00 på Hjelmeland samfunnshus

Program: SpareBank 1 SR-Bank ForretningsPartner og Tveit Regnskap gir ei innføring i eigarskifteprosessen og taksering av landbrukseigedomar.

SpareBank 1 SR-Bank fortel om finansiering av eigarskifte, økonomi og nye investeringar.

Enkel servering.

Dag Jørund Lønning – Foredrag 8. mars på Spinneriet

Hjelmeland hagelag arrangerer fagkveld saman med kommunen. Dag Jørund Lønning, rektor ved Høgskulen for grøn utvikling, held foredraget «Menneske og molda, i går, i dag og i morgon.» Det blir fokus på jord og jordforbetring med både hage- og landbruk for auge. Arrangementet er ope for alle. Fri entre.

Nybegynnarkurs i birøkt på Jørpeland, oppstart 13. mars

Ryfylke Birøktelag skal arrangera nybegynnarkurs i birøkt på Jørpeland nå i mars, oppstart 13. mars.

Kurset blir på kveldstid kl. 18:00-21:00, og datoane er 13., 20. og 27. mars, og praksis i bigard i april/ mai.

Dag 1: bienes biologi, birøktaren sitt utstyr. Dag 2: Året i bigarden, bie helse, avleggarar og dronningavl. Dag 3: Bigarden og trekkplantene, praktisk arbeid i bigarden, honningbehandling. Dag 4: Praksis i bigarden.

Kursavgift kr 2.000,-.

Påmelding innan 1. mars til helgelandbirokt@gmail.com eller på tlf. 971 06 503



Landbruksmøte 14. mars kl. 19.00 på Hjelmeland Samfunnshus

Tema er berekraftig landbruk i Hjelmeland.

Me har to «lokale» toppar frå Hjelmeland i landbruket.

Per Inge Egeland frå Årdal er styreleiar i Norsvin. Marit Haugen som tidlegare budde i Hjelmeland og



er gift med Sven Kleppa frå Viga er styreleiar i Tine.

Desse to kjem, i tillegg til to lokale innleiarar – Egil Ulvestad om mjølkeproduksjon og Stein Magne Valheim om svineproduksjon. Enkel servering. Velkomen

Arrangørar er kommunen i lag med Hjelmeland Bondelag, Hjelmeland bonde- og småbrukarlag og Søre Ryfylke skogeigarlag.

[Landbrukskonferansen 2023, 20. mars kl. 8.30-15.30 IMI Forum, Stavanger](#)

Tema for dagen er «Mat må me jo ha – bonden, jorda og naturen i samspel».

Målgruppe – folkevalde, bønder og representantar frå bondeorganisasjonane, tilsette i landbruksforvaltninga, næringar knytt til landbruket og andre interesserte. Påmeldingsfrist 10. mars.

<https://www.statsforvalteren.no/nb/Rogaland/Kurs-og-konferanser/2023/03/landbrukskonferansen-20232/>

[Fagdag om juletre 25. mars på Hjelmeland](#)

Norsk Juletreservice arrangerer fagdag. Rådgjevar Morten Winther frå Danmark kjem. Meir informasjon kjem seier dei. Fagdagen er open for alle interesserte.